



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 15/2016

Møtedato: 4.4.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

F115, Jaslangen - søknad om dispensasjon frå arealgrense i kommuneplan

Etter kommuneplan er det ei arealgrense på 80 m² for fritidsbustadar i statsallmenningen. Vestre Slidre kommune har oversendt søknad om dispensasjon frå arealgrense i kommuneplan til høyring. Kommunen har sendt kopi av saka til fjellstyret, men ikkje bedt om uttale. Fjellstyret er forvaltar av bruksinteressene i statsallmenningen i kraft av fjellova og er ein part som har krav på å bli høyrte i slike saker. Fjellstyret oppfattar det som ein utilsikta feil når det ikkje er bedt om uttale og vil ha skriftleg tilbakemelding om kommunen oppfattar det slik at fjellstyret ikkje skal høyrast i slike saker.

Festaren søker om å føre opp 24 m² stort anneks i tillegg til hytta som er på 76 m². Areal er målt som BRA. Det nye bygget skal innehalde funksjonar som vedbu, toalett og lagerrom. Det er ikkje definert som uthus, men blir omtala som "anneks". Ein må då sannsynlegvis rekne med at bygget kan godkjent å bli innreia til overnattingsformål om det blir aktuelt.

Hytta vart bygd ca i 1993 (fjellstyret tilrådde flytting av hytte i 1992) og etter reglane på 80 m² vart vedteke. Festaren gjorde den gongen eit val om å utnytte arealet fult ut til overnattingsformål. Hytta har fungert i ei periode på over 20 år og det er ikkje vist til noko akutt behov gjer det nødvendig med eit nytt bygg. Etter det ein er kjend med har kommunen tilsett ein person på planavdeling med siktemål om at kommuneplan snarleg skal reviderast. I ei vurdering av fordelar og ulemper, må det vera eit vesentleg punkt at kommuneplan snart skal reviderast.

Kommunestyret gjorde slikt vedtak sak 15/15: *Kommunestyret vil i enkeltsaker åpne for dispensasjonssøknader for hytter i LNF 2 og LNF 3 i kommuneplanens arealdel med total bygningsmasse inntil BRA = 100 m², med tillatt mønehøyde på 5,1 m over gjennomsnittlig planert terreng.* Kommunestyret vedtok regelverk for dispensasjonspraksis utan nokon form for høyring hjå fylkeskommune, fylkesmann, Statskog eller fjellstyret. Dette vil i praksis kunne fungere som endring av kommuneplan utan lovpålagte prosessar.

Ut frå kommunen sitt følgjebrev må ein tolke at det er behovet for vedbu, toalett og lagerrom som er bakgrunn for søknad om dispensasjon. I følgje PBL § 19-2 må fordelane ved å gi dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. I følgjebrevet har ikkje kommunen vist til noko slik vurdering, men vist til kommunestyresak 15/15 om dispensasjonspraksis. Når det i følgjebrev ikkje blir vist til noko vurdering av fordelar og ulemper, kan ein oppfatte at det normalt skal gjevast dispensasjon inntil 100 m².

Fjellstyret i drøfta vedtak KS15/15 i møte den 15.6.15. Fjellstyret orienterte i brev datert 18.6.15 til kommunen om sitt syn på dispensasjonspraksis som var vedteke. Fjellstyret var skeptisk til at det i praksis vart vedteke ei ny arealgrense i kommuneplan utan at det hadde vore ein lovpålagt prosess med m.a. høyring. Kort oppsummert var fjellstyret sitt syn slik: *Fjellstyret har ikkje drøfta kva arealgrenser det skal vera for hytter i statsallmenningen, men ein meiner det har skjedd vesentleg saksbehandlingsfeil i sak KS 015/15. Fjellstyret ber kommunen ta opp vedtaket til ny behandling med bakgrunn i at det må reknast som eit ugyldig vedtak. Om det er ynskje å endre arealgrensene for hytter i statsallmenningen, må kommunestyret ev. gjera vedtak om at det blir sett i gang ein prosess med endring av reglane i kommuneplan.* Fjellstyret har ikkje fått tilbakemelding på brevet.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret kan ikkje sjå at det ligg føre så store behov som tilseier at det skal gjevast dispensasjon frå kommuneplan i denne saka og frårådar at det blir gjeve dispensasjon.

Fjellstyret meiner KS 015/15 er gjort med vesentlege saksbehandlingsfeil, jf. fjellstyret sitt brev datert 18.6.15. Fjellstyret ber derfor kommunen om å ta opp behandling av vedtaket om dispensasjonspraksis på nytt. Om det er ynskje å endre arealgrensene for hytter i statsallmenningen, må kommunestyret ev. gjera vedtak om at det blir sett i gang ein prosess med endring av reglane i kommuneplan.

Vedtak:

Fjellstyret kan ikkje sjå at det ligg føre så store behov som tilseier at det skal gjevast dispensasjon frå kommuneplan i denne saka og frårådar at det blir gjeve dispensasjon.

Fjellstyret meiner KS 015/15 er gjort med vesentlege saksbehandlingsfeil, jf. fjellstyret sitt brev datert 18.6.15. Fjellstyret ber derfor kommunen om å ta opp behandling av vedtaket om dispensasjonspraksis på nytt. Om det er ynskje å endre arealgrensene for hytter i statsallmenningen, må kommunestyret ev. gjera vedtak om at det blir sett i gang ein prosess med endring av reglane i kommuneplan.

Vedtaket er gjort fire mot ei stemme.

Harald Ranum
sekretær

Vestre Slidre fjellstyre den 6.4.16

Utskrift: Vestre Slidre kommune